



Alver kyrkjelege fellesråd  
Lonsvegen 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/4099 - 20/56182

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@alver.kommune.no

Dato:

11.09.2020

## **Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - Kunngjering offentlig høyring og ettersyn for framlegg til planprogram - offentlege instansar**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i Alver kommune gjorde i møte 1.9.2020, sak 045/20, vedtak om oppstart av arbeid med kommunedelplan oppvekst, og vedtok samstundes å leggje ut framlegg til planprogram på høyring og offentlig ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova sine prosessreglar §§ 11-12 og 11-13.

### **Kommuneplan og kommunedelplan**

Kommuneplanen er todelt og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kort fortalt seier samfunnsdelen kva mål og strategiar vi skal arbeide etter når vi utviklar kommunen vår, medan arealdelen visar kva aktivitet vi skal ha kor i kommunen.

I tillegg til dette kan kommunen i naudsynt grad utarbeide kommunedelplanar for einskilde samfunnstema, område eller delar av verksemda. Kommunedelplan for oppvekst er prioritert i planstrategi for Alver kommune 2020-2024, og planen vil utdjupe føringar frå samfunnsdelen samstundes som den synleggjer rammer, behov og utviklingstrekk for fagområdet. Planen vil vere ein viktig del av kommunen sitt styringsverktøy.

### **Kva er eit planprogram?**

For alle planarbeid som har vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast planprogram. Planprogrammet er ei oversikt over gjennomføringa av planarbeidet. Programmet visar korleis arbeidet med delplanen skal skje, kva tema ein ønskjer å fokusere på, korleis innbyggjarar skal medverke og gje råd og innspel til ønska samfunnsutvikling. Grunnlaget for planprogrammet delar også kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen.

### **Medverknad**

Alver kommune ønskjer å vere i utvikling i bruk av verktøy og metode for involvering og medverknad. For kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplanane oppvekst og helse, sosial og omsorg gjennomfører vi eit felles medverknadsopplegg. Dette er skildra i planprogrammet.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Grunna restriksjonar i samband med koronaviruspandemien vert rammene for kvar og korleis vi kan leggje til rette for involvering stadig utfordra og det gjer at vi mellom anna også må leggje større vekt på digitale løysingar.

Målet med medverknad og involvering i planprosessane er mellom anna å byggje felles identitet for innbyggjarane i Alver kommune.

#### **Slik kjem du med innspel til planprogrammet:**

Planprogrammet til kommunedelplan oppvekst ligg ute til høyring og offentleg ettersyn i perioden 12.9.2020 til 24.10.2020. Du finn aktuelle dokument på heimesida [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no), vel «Høyringar og kunngjeringar».

Ønskjer du å gje innspel og merknad kan du innan 24.10.2020:

- elektroniske skjemaet for høyringsuttale under sak på heimesida
- sende e-post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

sende post til Alver kommune, Pb. 4, 5906 Frekhaug

Med helsing

Alver kommune Plan og analyse

Kristin Nåmdal  
avdelingsleiar

Rolf Raknes  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Planprogram\_framlegg\_v21082020

Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til vedtak om offentleg høyring og ettersyn planprogram

#### **Mottakarar:**

Alver kyrkjelege fellesråd	Lonsvegen 1	5914	ISDALSTØ
Askøy kommune	P.b. 323	5323	KLEPPESTØ
Austrheim kommune	Sætre marka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Rådhusgt.10 P.b. 7700	5020	BERGEN
Bergen og Hordaland Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Bergen og omland friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
Hordaland Bondelag	Kokstadflaten 36	5257	KOKSTAD
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	Masfjordnes
Naturvernforbundet Hordaland	Bryggen 23	5003	BERGEN
Nordhordland Jakt og Fiskelag	P.b. 156	5903	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Nordhordland lensmannskontor	P.b. 85	6901	Florø
Nordhordland Turlag	Postboks 32	5903	ISDALSTØ
Norges Miljøvernforbund	Skuteviksbodene	5035	BERGEN
	24 P.b. 593		
	Sentrum		
Norsk bonde- og småbrukerlag	Reisæter	5776	NÅ
Hordaland v/ Åse Marie Reisæter			
Vest politidistrikt	Allehelgens gate	5016	BERGEN
	6		
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN